



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Ragnhild Lønningdal	Arkivkode: FA-S11
Arkivsaksnr: 12/605	Løpenr: 14/4790
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Naturutvalet	03.09.2014	049/14	RLØ
Kommunestyret	24.09.2014	052/14	RLØ

KONSESJONSSØKNAD - OVERFØRING AV NEDBØRFELT FRÅ VAKSDALSVASSDRAGET TIL HERFANGEN I SAMNANGERVASSDRAGET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

03.09.2014 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Bodil H Øpstebø (Krf) sette fram slikt framlegg:

Samnanger kommune går inn for å støtte konsesjonssøknaden – overføring av nedbørsfelt frå Vaksdalsvassdraget til Herfangen i Samnangervassdraget.

Monica Tjønnå (Sp) sette fram slikt framlegg:

Saka vert oversendt kommunestyret utan tilråding.

Det vart røysta alternativt over dei to framlegget. 4 røysta for framlegget frå Øpstebø, (Øpstebø (Krf), Loe (Ap), Tveiterås (Ap) og Strømmen (Bl)). 3 røysta for framlegget frå Tjønnå (Tjønnå (Sp), Borgevik (Frp) og Marken (Bl)).

NAT-049/14 VEDTAK:

Samnanger kommune går inn for å støtte konsesjonssøknaden – overføring av nedbørsfelt frå Vaksdalsvassdraget til Herfangen i Samnangervassdraget.

24.09.2014 KOMMUNESTYRET:

Handsaming i møtet:

Monica Tjønnå (Sp) sette fram følgjande framlegg til vedtak, på vegner av Sp:

Samnanger kommune går ikkje inn for å støtte konsesjonssøknaden – overføring av nedbørsfelt frå Vaksdalsvassdraget til Herfangen i Samnangervassdraget.

I avrøystinga vart naturutvalet si tilråding sett opp mot Monica Tjønnå sitt framlegg. Naturutvalet si tilråding fekk 12 røyster og Monica Tjønnå sitt framlegg fekk 9 røyster.

Følgjande representantar røysta for naturutvalet si tilråding:

- Brigt Olav Gåsdal (Ap)
- Birthe Skar-Moum (Ap)
- Liv Berit Befring (Ap)
- Marit Aase (Krf)
- Bjarne Hauge (Krf)
- Bodil Øpstebø (Krf)
- Jens Harald Abotnes (Krf)
- Eva Hellevang (H)
- Arild Røen (H)
- Øyvind Strømmen (Bl)
- Janne Drevsjø (Bl)
- Anja Marken (Bl)

Følgjande representantar røysta for Monica Tjønnå sitt framlegg:

- Heidi Gjerde (Ap)
- Odd Lønnebakken (Ap)
- Vidar Tveiterås (Ap)
- Øyvind Røen (Sp)
- Monica Tjønnå (Sp)
- Karl B. Kollbotn (Frp)
- Norvald Gjerde (Frp)
- Jon Magne Borgevik (Frp)
- Svein Røseth (Frp)

KS-052/14 VEDTAK:

Samnanger kommune går inn for å støtte konsesjonssøknaden – overføring av nedbørsfelt frå Vaksdalsvassdraget til Herfangen i Samnangervassdraget.

Dokument som er vedlagt:

Notat om samla verknad av overføringar til Samnangervassdraget

Notat om samla verknad av overføringar til Samnangervassdrage

Dokument som ikkje er vedlagt:

Konsesjonssøknad og høyringsbrev er å finna på følgjande link:

<http://www.nve.no/no/Konsesjoner/Konsesjonssaker/Vannkraft/?soknad=6685&type=11>

Kva saka gjeld:

Saka er ei omarbeiding av tidlegare melding som vart sendt på høyring 3. oktober 2012, der me gav uttale i vedtak KS-077/12. Saka er svært redusert i omfang, og det er ikkje lenger krav om konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova sitt kapittel 14.

I vår uttale til meldinga 3. oktober 2012 etterlyste me ei tilleggsutgreiing om samla belastning av alle eksisterande og planlagde overføringar til Samnangervassdraget. Ei slik utgreiing vart utført av Rådgivende biologer, og oversendt oss 23. oktober 2012, sjå vedlegg.

Prosjektet som no er på høyring går ut på å nytta eksisterande kraftverk og reguleringsanlegg på ein betre måte ved å overføra nedbørfelta frå Flatavatnet, Klenavatnet og Smørtjørna til Herfangen. Saman med oppgradering av eksisterande Frøland kraftverk vil overføringa gje 18 Gwh regulert kraft, noko som vil få større verdi dess meir uregulert elvekraft og vindkraft som vert bygd ut. Det er planlagt å sleppa ei minstevassføring på 24 l/s til Vaksdalsvassdraget frå Flatavatnet i perioden 1. mai til 30. september. Det er ikkje krav til minstevassføring på denne strekninga i dag.

Nedbørfelta som skal overførast ligg i Vaksdal kommune, og alle anleggsområda ligg i Vaksdal. Flatavatnet og Klenavatnet vert overført ved å fjerna eksisterande dammar mot Herfangen. Smørtjørna vert overført til Klenavatnet via nedgrave røyr og kanal. Vatna er regulerte i dag, men det er ikkje planlagt å vidareføra reguleringane. Dei overførte nedbørfelta er 3,7 km², med eit årleg middeltilsig på 15 mill. m³. Vatnet som vert overført vil gå inni bekkeinntaket i Herfangsgjelet, og kan enten magasinrast i Svartavatnet eller nyttast direkte i kraftverka i Samnangervassdraget.

Det tidlegare, no trekte, prosjektet omfatta 3 tunnelar på til saman 6 km, om lag 5 km ny veg opp Klungerdalen, og ei overføring av nedbørsfelt på til saman 55 km².

Vurderingar og konsekvensar:

Anleggsområda ligg i Vaksdal, så det er mottaket av meir vatn i Samnangervassdraget som er hovudfokus for Samnanger.

Hydrologi og miljø

"På strekningane Flatavatnet-Herfangsvatnet og Klenavatnet-Herfangsvatnet vil vassføringa auke. Auken vil vere størst vår, sommar og haust, medan vassføringa om vinteren er venta å vere låg på grunn av lågt tilsig og frost." (s. 25)

Til følgjande vurdering på s. 26 i søknaden saknar me ei skildring av til dømes kor mange prosent auke overføringa utgjer; *"Det er ikkje venta at overføringa vil påverke vassstemperatur, isforhold og lokalklima i Samnangervassdraget"*. I Rådgjevande biologer si tilleggsutgreiing går det fram at gjennomsnittleg årleg tilsig til Samnangervassdraget ved utløp til fjorden i dag er om lag 870 mill. m³. Utløpet til fjorden inkluderer også Eikedalselva. Overføringane utgjer eit tillegg på om lag 15 mill m³.

"Flaumforholda både i Samnangervassdraget og Vaksdalsvassdraget er prega av at vassdraga er regulerte. (...) I Samnangervassdraget er flaumforholda venta å vere uendra." (s. 26)

"På strekninga frå Herfangsvatnet til inntaket i Herfangsgjelet er det ikkje venta at den auka vassføringa vil gje auka erosjon, då elva har forholdsvis bratte sider med stor og grov stein." (s. 27)

"Klenavatnet dam mot Herfangen vert fjerna og vatnet vil renne i retning Samnanger. Dagens vassretning mot Vaksdalsvassdraget er eit resultat av tidlegare utbygging, og tiltaket er i så måte ein restaureringsjobb av vassdraget sitt opphavlege og naturlege vass-system." (s. 35)

Økonomi

For overføringar til Herfangen vil konsesjonskraft og konsesjonsavgift bli fordelt mellom Vaksdal, Kvam og Samnanger kommune. Årleg inntekt av konsesjonskraft er estimert til 250 000 kroner, og årleg inntekt av konsesjonsavgift til kommunar og stat er estimert til 60 000 kroner. I følgje NVE sitt faktaark 1/2004 skal Vaksdal kommune ha 48,5% av konsesjonskrafta (overføringskommune), Kvam kommune skal ha 48,5% (magasinkommune) og Samnanger kommune ha 3% (kraftverkskommune). Når det gjeld konsesjonsavgift seier NVE sitt faktaark 1/2004 at Vaksdal kommune (overføringskommune) skal ha 50% av konsesjonsavgifta, Kvam herad (magasinkommune) skal ha 40% og Samnanger kommune (elvekommune) skal ha 10%.

Anleggs- og entreprenørkostnadane til utbygginga utgjer om lag 12 årsverk, og dersom ein antek at om lag 50% av dette kjem frå lokale leverandørar utgjer det eit potensiale på 6 årsverk.

Oppsummering

Me meiner at overføringane ikkje vil gje nemneverdige konsekvensar for Samnanger kommune og Samnangervassdraget.

Nye opplysningar i saka:

På førespurnad frå naturutvalet har administrasjonen henta inn tilleggsopplysningar frå BKK, om tilhøvet mellom deira prosjekt og andre konkurrerande prosjekt i det same området. Følgjande e-post vart motteke frå BKK 11.09.2014:

"Overføringsprosjektet frå Vaksdalsvassdraget til Herfangen har vore handsama i planutvalet i Samnanger kommune. I denne samanhengen er BKK Produksjon blitt oppfordra til å gje ytterlegare informasjon om korleis overføringsprosjektet påverkar privatrettslege høve i Vaksdalsvassdraget.

I utgangspunktet er det prosjektet sine konsekvensar for ålmenta som er på høyring, men vi forstår at verdiskaping og eigarskap til vassressursane også vert eit tema i ein høyringsprosess. Vidare informasjon er basert på offentleg tilgjengelege kjelder i tillegg til vår kunnskap om høva i vassdraget. Vi tek atterhald om at vår forståing kan vere feil.

Overføringa frå Vaksdalsvassdraget vil berre råke fallrettar, framtidige moglegheiter og eksisterande produksjon som i dag er eigd av Norsk Grønnkraft. Tidlegare omfatta prosjektet nedbørsfelt som også ville påverka Sædalen og Bogeassdraget der andre private interesser har planar for kraftproduksjon, desse nedbørsfelta er tatt vekk.

Norsk Grønnkraft er eigd av E-CO, Akershus Energi, EB og Østfold Energi, alle er offentleg eigde selskap. BKK Produksjon er i dialog med Norsk Grønnkraft om erstatning for tapt produksjon i Ardalen og Møllen kraftverk, samt øvrige kraftpotensial som vert råka. Erstatninga vil verte avtala

på forretningsmessige vilkår mellom to profesjonelle partar. Ut over dette kjenner ikkje BKK Produksjon til at andre lokale kraftproduksjonsinteresser vert råka av planane våre.”